

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til nye pkt i innstillinga.

- a) Fylkeskommunen må bruke alle anledninger mot planmyndigheit i Bergen for å sikre at bussen slepp fram med kollektivfelt.
- b) HfK skal ikkje delta i utgreiing av T-bana mellom Sentrum og Åsane som alternativ til Bybane.
- c) Rapporten om «Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet» viser at HfK og Bergen kommune ikkje har nådd eit av hovudmåla for trafikkutvikling i Bergen – samla nedgang i trafikk i bomringen. Dette er svært uheldig. SAMU ber om at det blir lagt til rette for at desse måla blir nådd i neste periode.
- d) SAMU ber om at det vert etablert sanntidsmåling av kø for kollektivtrafikken som ligg på nettet og som kan brukast for å berekne tids- og driftstap for busstilbodet.
- e) SAMU ber om sak der mogeleg parallell utbygging av bybane til Fyllingsdalen og Åsane vert førebudd.

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til fylgjande oversendingsforslag som vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

SAMU ber administrasjonen anmode Bergen kommune fremje sak om Gangbyen Bergen for å sikre best mogeleg kobling mellom sikre og raske gangareal og gode kollektivtilbod.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt a) vart vedteke med 8 røyster (A, SV, SP, KRF, V).

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt b) - e) fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall.

### Innstilling

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.
2. Fylkeskommunen må bruke alle anledninger mot planmyndigheit i Bergen for å sikre at bussen slepp fram med kollektivfelt.

### Oversendingsforslag frå Tom Skauge.

SAMU ber administrasjonen anmode Bergen kommune fremje sak om Gangbyen Bergen for å sikre best mogeleg kobling mellom sikre og raske gangareal og gode kollektivtilbod.